



Arkiv: FE-037
JournalpostID: 26/37249
Saksbehandlar: Kristine Dahl
Dato: 05.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/095	Stad formannskap	03.09.2026
26/098	Stad kommunestyre	10.09.2026

Oppstart av arbeidet med ny eigarskapsmelding

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 26-1 set krav om at kommunestyret minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarmelding. I eigarmeldinga skal kommunestyret fastsetje prinsippa for eigarstyring, gi ei oversikt over selskap, føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i og angje føremålet med eigarinteressene. Denne saka har som føremål å forankre oppstart av arbeidet med ny eigarskapsmelding og kople arbeidet mot tidlegare lokalpolitiske vedtak og prosjekt knytt til organisering av eigarskap, utvikling av kommunale eigedomar og interkommunalt samarbeid. Dette blir nærare opplyst i saksutgreiinga nedanfor.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre ber kommunedirektøren starte arbeidet med ei ny eigarskapsmelding i tråd med tidlegare vedtak og i tråd med denne saka her.

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/095 Vedtak:

Stad kommunestyre ber kommunedirektøren starte arbeidet med ei ny eigarskapsmelding i tråd med tidlegare vedtak og i tråd med denne saka her.

Saksopplysningar:

Kommunelova

Førre eigarskapsmelding vart utarbeidd i samband med etableringa av Stad kommune og det skal no utarbeidast ei ny heilskapleg eigarskapsmelding. Meldinga skal etter kommunelova § 26-1 innehalde desse hovudpunkta:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i (t.d. kommunale oppgåvefellesskap og vertskommunesamarbeid)
- Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser i verksemder som nemnt

Lova sine krav til innhaldet i eigarskapsmeldinga er minimumskrav. Eigarskapsmeldinga kan også innehalde andre element enn det lova eksplisitt set krav om. Det kan mellom anna vere aktuelt å ta stilling til korleis arbeidet med eigarstyring skal organiserast i kommunen, prinsipp knytt til selskapa sitt samfunnsansvar, miljø, likestilling, etikk med meir.

Lokalpolitiske føringar

Det ligg føre fleire lokalpolitiske vedtak som påverkar arbeidet med eigarskapsmeldinga enten direkte eller indirekte. Desse blir i korte trekk attgjevne her:

Budsjettvedtak og Program for berekraftig økonomi

- I samband med vedtak av Budsjett 2025 og handlingsprogram 2025 – 2028, sak KS-24/170

punkt 10 fekk kommunedirektøren i oppdrag med å førebu arbeidet med ny eigarskapsstrategi inkludert gjennomgang av formål og struktur i Stad energi- og eigeidsutvikling KF.

- I samband med vedtak av Program for berekraftig økonomi, sak KS-25/009, vart mandatet

for arbeidet med eigarstrategien ytterlegare utdjupa og det vart gjeve følgjande føringar for arbeidet med ny eigarskapsstrategi: «*Gjennomgå eigarskap og vurdere korleis ein skal innrette nye og eigarskap med sikte på å auke kommunen sine inntekter og styrke investeringsevna. Vurdere å avslutte aktuelle eigarskap*».

Arbeidet med strategi for hamn og cruise

- Stad kommunestyre vedtok i sak KS 22/116 å starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad

kommune, og det vart same år i sak KS 22/078 løyvd midlar til arbeidet med ein cruisestrategi. Arbeidet er særleg kopla mot utvikling av ei ny skipslei knytt til Stad skipstunnel og mot strategiske vurderingar knytt til cruisenæringa. Stad formannskap gav i møte 11. juni sak F-26/078 vidare føringar for arbeidet:

«Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide framlegg til eigarstrategiar for hamner, industriområde, sentrumsnære utviklingsområde og framtidige utviklingsprosjekt knytt til Stad skipstunnel og tilhøyrande nærings- og samfunnsutvikling. Strategien skal og kome med konkrete framlegg til organisering for å sikre god oppfylling av strategien sine mål og tiltak.

Strategiane skal sikre at Stad kommune sine eigarinteresser, styringsmoglegheiter og langsiktige samfunns mål vert tekne vare på ein føremålstenleg og strategisk måte.

Kommunedirektøren kan nytte ekstern fagleg bistand i arbeidet med å utvikle aktuelle eigar- og

selskapsstrukturar. Den overordna eigarstyringa skal vere forankra direkte under kommunedirektøren, med tydeleg politisk eigarstyring og rapportering. Finansiering: Kommunen sitt disposisjonsfond».

Knutepunktsutvikling Bane NOR Eigedom AS

- Bane NOR Eigedom AS retta i 2024 eit ønskje om samarbeid med Stad kommune for å få til

ein heilskapleg plan og utvikling av området/kvartalet «Rutebilstasjonen» og «Rådhusomtå». Det er godkjent ein innleiande samarbeidsavtale om utvikling mellom BNE Nordfjordeid AS (Bane nor), Stad kommune og AS Eid industrihus. Stad energi- og egedomsutvikling KF deltek etter vedtak av Stad kommunestyre inn i arbeidet. Vidare saksgang tek sikte på å avklare om Stad kommune skal delta i eit vidare arbeid med knutepunktsutvikling og korleis eit slik samarbeid eventuelt kan organiserast.

Plan for helse- og omsorgsbygg

- Stad kommune har i sak KS-24/121 godkjent ein plan for vidare arbeid med helse- og

omsorgsbygg i Stad kommune. Gjennom dette arbeidet må ulike eigarskapsformer vurderast.

Interkommunale samarbeid

- Interkommunalt samarbeid: Stad kommune inngår i fleire interkommunale samarbeid bygd

på ulike samarbeidsformer som interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid og avtalebasert samarbeid. Gjennom Region fjordane og gjennom Samarbeidet i Nordfjord blir samhandling og samarbeid sett jamleg på dagsorden. Evaluering av dagens samarbeid er ein viktig del av eigarstyringa. På same tid bidreg ei samfunnsutvikling med stadig aukande og komplekse lovkrav, ein trongare kommuneøkonomi, knappheit på arbeidskraft til at ein stadig må vurdere behovet for nye samarbeid for å sikre ei effektiv og berekraftig drit og tenesteyting til innbyggjarane. Dette blir også tema i eigarskapsmeldinga, under m.a. prinsipp og formål ved eigarstyring.